

**Arkiv:** <arkivID><jplID> FA-C00, FE-223  
**JournalpostID:**  
**Sakshandsamar:**  
**Dato:** 12.05.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
041/22	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	31.05.2022

### Tilskot til idrettsprosjekt

#### Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur godkjenner tildeling av tilskot på kr. 30 000 til idrettsprosjekt slik det kjem fram av saka.

#### Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 31.05.2022:

#### Handsaming:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

#### OKK- 041/22 Vedtak:

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur godkjenner tildeling av tilskot på kr. 30 000 til idrettsprosjekt slik det kjem fram av saka.

#### Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i utval for oppvekst, kunnskap og kultur.

#### Bakgrunn

Alver kommunestyre vedtok i møte 16.09.21 sak 098/21 Kommunale tilskotsordningar kultur og idrett - revidering av retningslinjer. Retningsline omfattar fleire ulike tilskotsordningar innan kultur- og idrett. Den totale ramma for kultur vart redusert med ein million kroner i møte i kommunestyret 16.12.21 sak 164/21 - Økonomiplan 2022-2025. Som følgje av kuttet vart tilskotsordninga redusert frå kr 7.700.000 i 2021 til kr 6.700.000 i 2022, ein reduksjon på 1 million kroner. Barn og unge har så langt som mogeleg blitt skjerma. Denne saka gjeld fordeling av midlar for ordninga idrettsprosjekt. Ordninga hadde søknadsfrist 24.4.2022. I utgangspunktet er fristen sett til 15.april i retningslinjene, men som følgje av at denne datoen falt midt i påska vart årets frist utsett med ni dagar. I retningslina heiter det at ordninga skal støtte prosjekt innan idrettsfeltet, opne arrangement, og innkjøp av utstyr. Tilskotet er behovsprøvd og kan gjevast som tilskot eller underskotsgaranti. Underskotsgaranti til arrangement skal søkjast i forkant. Einskildutøvarar er ikkje omfatta av ordninga. Det er sett av kr. 30 000 til fordeling i denne søknadsrunden. I 2021 vart det fordelt totalt kr. 171 000 gjennom denne ordninga. 111 000,- vart tildelt i juni og 60 000,- i oktober. I år er det ved ein tidlegare tildelingsrunde tildelt kr. 30 000 til idrettsprosjekt. Samla tildelt sum for 2022 vert kr. 60 000.

#### Saksopplysningar

Innstillinga er utarbeida etter vedtekne retningslinjer for denne tilskotsordninga.

#### Uttale Idrettsrådet

Vedtak: Alver idrettsråd sluttar seg samrøystes til innstillinga.

## Innstilling

<u>Søkjar</u>	<u>Om prosjektet</u>	<u>Totalkost.</u>	<u>Søknads- sum</u>	<u>Innstilling</u>	<u>Merknad</u>
Manger IL	Søker om tilskot til oppdatering utviding av orienteringskart i Manger-området.	Kr. 60 000	Kr. 60 000	0	Søknad kom inn etter frist.
FIL AKS-77	Vil at fleire skal få moglegheita til å prøve friidrett og ønskjer difor å ha idrettskasser utplassert og tilgjengeleg.	Kr. 30 000	Kr. 30 000	0	Har tidlegare fått tildelt kr. 10 000 til liknande prosjekt (vår 2021).
FIL AKS-77	Same som over	Kr. 30 000	Kr. 30 000	0	Søknad til same prosjekt sendt inn to gongar.
FIL AKS-77	Jenteprosjekt. Sosiale tiltak, reiser og aktivitetstiltak.	Kr. 25 000	Kr. 25 000	0	Har tidlegare fått tildelt kr. 10 000 til liknande prosjekt (vår 2021).
FIL AKS-77	Idrettsarrangement. AKS-leikane. AKS-77 arrangerer leikane i nytt og større format enn tidlegare.	Kr. 60 000	Kr. 30 000	Kr. 10 000	
Alver klatreklubb	Innkjøp av klatretak for å fornye Knarvik Arena. Sikre høg kvalitet på så mange klatreruter som mogleg.	Kr. 130 000	Kr. 80 000	Kr. 10 000	
Sæbø ungdomslag	Skape samlande aktivitetar for ungdom i nærmiljøet.	Kr. 123 000	Kr. 80 000	0	Manglar vedlegg.
Nordre Holsnøy IL	Innkjøp av utstyr. Fotballmål til bane på Vestbygd.	Kr. 50 000	Kr. 50 000	0	Manglar vedlegg.
Hindenes og Åsgård grendalag	Uteområde treng oppgradering. Ønskjer å skapa ein samlingsplass der unge kan møtast.	Kr. 83 000	Kr. 53 000	0	Har tidlegare fått tildelt kr. 30 000 til same prosjekt (haust 2020).
Somalisk råd i Vestland	Skape aktivitet for ungdommar i innvandarmiljøet.	Kr. 93 000	Kr. 93 000	0	Manglar vedlegg.

Meland motorsportklubb	Støtte til innkjøp av prøvesyklar for ungdommar.	Kr. 80 000	Kr. 65 000	0	Manglar vedlegg.
Seim Skyttarlag	Seim skyttarlag har bygd ny innandørsbane, og vil i den forbindelse leggje til rette for garderobe med tilgang til skyttarklede for born- og unge.	Kr. 64 600	Kr. 50 000	Kr. 10 000	
Heiane Vel	Ønskjer å etablere eit utandørs treningsapparat som kan brukast av stor og små i området. Søker midlar til gummidekke. Ei varig løysing som også vil sikra tilkomst til alle brukarar.	Kr. 60 000	Kr. 30 000	0	Manglar vedlegg.
<b>Totalt</b>		<b>Kr. 888 600</b>	<b>Kr. 661 000</b>	<b>Kr. 30 000</b>	